


„Fisk“ — snurpeflåtens nye flaggskip går på feltet i dag, kan laste 7000 hl

Den nye Haramsbåten vert vår største snurpar

All mannskaps-innreiing akter

Skal først og fremst brukast til sildefiske Norge og Island



Snurpefloten vår har fått eit nytt flaggskip: M.s «Fisk» frå Haramsøy som med sine over 500 br.reg.tonn og ei lasteevne på ca. 7 000 hl, sild, er den største snurparen vi har. Den nyaste er han og, han vart overlevert av Hjørungavåg Verkstad i går etter ein prøvetur som i alle måtar var vellukka. Det er ein kvalbåt — bygd i 1948 — som er ombygd og innveidd som moderne fiskefarty. Reiar er Johan P. Aakre og skipper ombord Petter Aakre — dei same som hadde den gamle «Fisk».

Den ruvende godt ved Sjøgata i går tidleg, den nye Haramssnurparen. Det var i grunnen dei kraftige snurpebåt-davitaner og bingane på dekk det einaste som karakteriserte at her låg ein fiskebåt, ikkje ein lastebåt.

— Blir ein slik ombygd kvalbåt like god som eit nybygg? Vi spurde skipper Petter Aakre.

FØRST OG FREMST SILD

— Til det vi i første hand har tenkt å bruke båten til, meiner eg har er like god som om han var nybyggd. Og eg trur elles også at han skal gjere godt teneste.

«Fisk» er først og fremst tenkt som sildebåt — på Norskekysten om vinteren, på Island som sommaren. Det er teke sikte på rasjonell arbeidsgang på alle måtar frå eiga vinsj på båtdekket for notbåtene til bingearrangementet på hoveddekk og opplegget for snurping med to havar, for på den måten å fordoble kapasiteten.

Lukene til lasterommet er patent-

luker og kan manøvrerast fort og lett vint med vinsja.

MASKINKRAFT NOK TIL TRALING

Men utanom sildefisket kan den nye «Fisk» også nyttast til linefiske og det er innreidd med tanke på seinare fryseri om turvande.

— Dessutan har vi maskinkraft nok til å drive tråling, opplyser skipper Aakre.

Og maskinkraft har dei. Den svære båten gjorde 12,5 knop på fartsmila, og det var med normal keyring. Hovedmotoren er på 1200 hk og av tysk fabrikat, men med norsk vripropellanlegg.

All mannskapsinnreiing ombord ligg akter. Der er det lugarplass til dei 22 som skal ha sitt arbeid ombord. To av lugarane er 3-manns, resten 2 og 1-manns. Der er svært

ROMSLEGE OG FINE LUGARAR

Der er og rumslege og fine vaske-rom for mannskapet og rom for klesvask, der det også er vaskemaskin. Båten har eige proviantfryseri akter. Byssa er fin og moderne og dei to messene ligger jamsides i forkant av keisinga, gir plass til heile mannskapet og vel så dei i ei bordset.

I «2.hogda» i keisinga ligg rumslege lugarar for m.a. skipper og bestmann.

GOD Plass OG GODT UTSTYR

På brua er det også utruleg god plass og der er svært velut-

styrt med navigasjons- og fiskeleitingsutstyr. Båten har radiotelefon og pelleanlegg, loran, ikkje mindre enn to asdic-anlegg — det store «fiske-asdic-anlegg» og ein vanleg «silde-asdic». To ekkolodd og radaranlegg står der og.

Også i maskinrommet er det svært romsleg. Hovedmotoren som er på 1200 hk krev etter måten liten plass — hjelpemotorane er plasserte på babord side og både på styrbord side og i forkant av hovedmotoren er det svært god plass for seinare fryserimaskiner, verkstad o.l.

Både skipper Petter Aakre og verkstedet sine folk tyktes vel nøgde med den nye båten.

OMBYGD KVALBÅT FRÅ 1948

— Den er ombygd frå kvalbåt — skroget vart bygt i 1948 men var i god stand og langt sterkare enn kva i dag er vanleg for nybygg, seier disponent Hallbjørn Hareide ved Hjørungavåg Verksted. Ombygginga omfatar mellom anna flytting av keising og overbygg lenger bak og elles full innreiing av lasterom og forskip i det helle. Der imot er lugarane omgitt som dei var. Arbeidet med ombygginga tok til i august.

— Har verkstedet fleire slike ombyggingar på tapetet?

— Vi har von om to til, men det er enno ikkje avgjort, opplyser Hareide.

PÅ FELTET I MORGEN

Den nye «Fisk» er 176 fot lang og har ei brutto tonnasje på ca. 565 registrertonn. Lasteevna er rekna til 7 000 hl sild. Båten har ikkje fryseri, men det er innreidd med tanke på at slikt kan innstallerast — det gjeld både agnfryseri og innreiing av båten som fryseskip.

Hovedmotoren er på 1200 hk

firtakts diesel og gir «Fisk» ei vanleg marsjart på 12,5 knop.

— Og kva tid reknar De med å vere på sildefeltet? spør vi skipper Aakre.

— Vi skulle vere der i morgon!

19.12.48

VIL HAN NÅ KJØPE MER KLIPPFISK AV OSS?

Harald ga Brasils president St. Olav

(NTB's Helge Gabler) Brasilia i dag:

Kronprins Harald overrakte i går St. Olavsordenens storkors med kjede til Brasils president Joao Goulart. Først omkring midnatt vendte kronprinsen med følge tilbake fra den nye storbyen på høy-sletten 1300 meter over havet 1000 kilometer nord for Rio. Kronprinsen hadde en hjertelig samtale med presidenten, og overrakte også et billedverk om Midnatsolens land.

Omvisningen i byen ble uhyre interessant for Kronprins Harald og hans følge. I et og alt vitner den nye byen om at den ideen som satte det gigantiske byggver-

ket i sving savner sidestykke i historien. På det mondene Hotell International ble det holdt middag til ære for kronprinsen. Der var bl. a. formannen i senatets utenrikskomité tilstede. Presidentens palass, der samtalene med presidenten fant sted er i glass og marmor, overdådig møblert i en blanding av ny og gammel stil.

19.12.48

20 protesterer mot Austnes-regulering

Eit større område på Austnes, Haramsøy, skal som før meldt regulerast. Området femner m. a. en fabrikkane på Austnes, det

nåverande bustadområdet og nye bustad og industriområder.

Planen har vore utlagd til allment ettersyn. Der kom inn om lag 20 skriftlege klager, somme av klagen var helst moderate skriv med uttrykk for visse ynskjemål vedkomande grunneigar hadde.

Bygningsrådet har sett på klagen og delvis imøtekome desse, og skal nå ha føre planen på nytt for oversending til Haram kommunestyre.

Dersom kommunestyret godkjenner planen blir saka med vedte kart og dokument oversend til departementet for godkjenning.

19.12.48

Mindre pene

Alfhild Skaden og Nelly Flydal er klar til å ta imot storinnrykk på Santalmissionsen basar som åpnet i Alesund i går og som varer ut uka. 70-80 større gevinster og en hel rekke mindre pene småting skal loddas ut.

(Sunnmøre Arbeider)

19.12.48

Barnefødsel ombord i „Presto“

Fru Bjørg Gullaksen fødte en stor gutt ombord i «Presto» tidlig i dag morges en halv time etter at båten hadde lagt fra Austnes. Alt er vel med mor og barn, som nå befinner seg på sykehuset. Bjørg og Normann Gullaksen har to piker fra før, så det blir ekstra stas med denne gutten.

Jordmor i Haram var med i båten, og hun kunne bare konstatere at alt står bra til. Hun fødte selv et barn ombord i skyssbåten juledags morgen for 10 år siden.

Runde og Lille-Runde i svensk skoleradio

Et helsides fotografi av fuglefjellet i Korsen i Alesund pryder programheftet for Sveriges skolekringkasting. Inne i heftet finner vi flere bilder fra Runde.

Den svenske filmgruppen som var her i sommer har laget tre programmer. Det ene om Gudbrandsdalen, det andre om Bjørnsens «En glad gutt», og det tredje om fugleliv og fuglefjell på Runde og i Alesund.

19.12.48